



**NSG**  
Norsk sau og Geit

# Referat

## Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit"

**Tidspunkt: 28. Februar 2015**

**Stad: Skei Hotell, Jølster**

**Tal møtte med røystrett: deltakarar**

**Representantar frå lokallag :** 29 Lokallag representert med stemmerett 40 Røysteføre

**Representantar frå styret :** 5 + 1 møteleiar

**Innleiarar:** 0

**Valnemd:** 3

**Gjester/Andre:** 13

Ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim åpna årsmøtet med å fortelle litt om Lærdal. Åpna med å fortelle om den store brannen i Lærdal 18.januar 2014. Om beredskap som er så viktig i slike situasjoner. Fryktar den sentraliseringa regjeringa kjører. Kva med beredskapen når katastrofen er eit faktum. Lærdal har veldig flinke bønder, som er flinke til å sjå mulighetene. Då laksen fekk gyrolaktilus så måtte ein renovere elva og mista laksen. Bøndene måtte finne nye inntektsmuligheiter å leve av. Fleire starta opp med moreller, bær, frukt og poteter. Sist haust fekk dei ein stor flom i Lærdal som øydela mykje jord. Bøndene måtte på ny prøve å omstille seg. Lærdalsbøndene ligg langt framme på frukt og bær. «Trur Lærdalsbrannen kan stoppe sentraliseringa av naudetatane». Har fått til eit prosjekt på sau i utmark i Åla kommunane. Det er ingen ting som er betre enn sau for å pleie beite, utmarka, fjella våre. Må også få kunnskap om ulike saueraser, beitestruktur for å kunne beite ned og nytte alt areal. Er med i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I gjennom Sau og utmarksprosjektet ser ein på viktigheita av å ta i bruk alle ressursane. Prosjektet ser på rimelege bygningar til sau, enkle løysningar. Avslutta med at aktiviteten i sauemiljøet, lokallaga og fylkeslaget er viktig for å holde oppe optimismen. «Skal ein greie å halde landskapet opent må det til meir sau».

Leiar Ragnhild Sæle las opp leiaren si tale der ho tok for seg aktiviteten og utfordringane som har vore i året som har gått.

## **Sakliste :**

- 1. Namneopprop**
- 2. Godkjenninga innkalling, sakliste og forretningsorden.**  
Møteleiarar: Halvar Espeseth og Olav Grønberg
- 3. Velje 2 representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen.** Helge Skagen og Jonny Lofnes
- 4. Handsame Årsmelding for 2014**  
Geitegruppa  
Avlsutvalet for saueavl  
Gjetarhundnemnda

Eli Berge Ness kommenterte Innspel til Jordbrukstingingane. Eli gjev skryt for ein god uttale, som er eit fylkeslag verdig. I årsmøtereferat bør det stå litt fyldigare om diskusjon under sakshandsaminga og vedtak osv.

Magnar Juklestad er oppteken av at jordbruksskuleelevar får delta på sau og geit møter. Er oppteken av utdanningsopplæringa. Utdordringa er å få elevar til å søke jordbruksskulane. Viktig for rekrutteringa.

- 5. Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2014**  
Eigenkapital i laget 524 808. Av overskotet i 2014 på kr 33400 foreslår styret at det vert sett av kr 15000 til jaktutstyr (2 nattkikkert, og sambandsutstyr) til Fylkesfellingslaget ved Arve Århus. Kr 5000 til ferdigstilling av geitefilmen.  
Resterande kr 13704 vert tilført EK
- Ola Søgnesand kommenterte økonomien vedrørende geitedagane som går med 200 kr i pluss.
  - Magnar Juklestad kommenterte at økonomien i laget er meget god. Stiller spørsmål om korleis organisasjonen kan styrke seg i små lokallag med den solide økonomien laget har.
  - Halvar Espeseth kommenterte at ein må bruke pengane med nøysomhet, ellers minkar kontoen fort.
  - Geir Ole Ervik meiner at fylkeslaget bør bruke meir pengar til aktivitetar
  - Jim Ivar Kalland foreslår at når laget har så god økonomi, så bør Fylkeslaget sette av kr 25000 til Fylkesfellingslaget. Ole Bjarne Hovland støttar dette.
  - Jan Kåre Ravnøy støttar Naustdal, og foreslår å bruke også dei sist 3704 kronene til Fylkesfellingslaget.

***Vedtak: Etter framlegg frå Naustdal vert det sett av kr 28704 til utstyr til Fylkesfellingslaget og kr 5000 til digitalisering av geitefilm. Samrøystes vedteke***

## 6. Handsame arbeidsplan for 2015.

Styremøter etter behov  
Jordbrukstingingar 2016  
Regionale møter/leiarsamling. Okt/nov  
Geitehelg i slutten av november  
Småfesamling i januar 2016  
Rovvilt (Beiteutfordringar  
Ferdigstilling av geitefilmen  
Medlemsverving  
Helse og velferd i lamminga  
Få opp aktiviteten i lokallaga  
Invitere landbruksutdanningsselevar til fagmøter

### *Kommentarar til Arbeidsplana*

Kommentar: Saknar korleis korrespondansen har vore i høve ulvefellinga og utsteda løyve frå Fylkesmannen. Ragnhild Sæle leste opp svar frå Fylkesmannen av feb 2015 ved rørande skadefellingsøknad om felling av ulv til Fylkesmannen. Det var søkt skadefellingsløyve og dette vart klarert, men ulven vart skoten på lisensjakta og difor vart ikkje skadefellingsløyvet gjort bruk av. Vidare stod det beskrive litt om dei ulike jaktuttaka. Beiting og skadefelling, Kvotejakt, Lisensfelling.  
Det ligg også lisens på å felle ein ulv til.

Jan Kåre Ravnøy spurte om fylkestyret har nokon plan for korleis ein skal få opp aktiviteten i dei passive lokallaga? Ragnhild svarte at NSG no ser på vedtektene, og fylkeslaga får oversikt over desse og kan ta kontakt med desse laga

### *Arbeidsplana vart samrøystes godkjent*

## 7. Innkomne saker. Ingen innkomne saker.

Marit Flatjord takka for invitasjon og gav ros for god aktivitet og gode innspel til Jordbruksforhandlingane og oppslutnad om aksjonar i Oslo ved rørande Jordbruksforhandlingane. Er frustrert over rovdyrsituasjonen i og utanfor fylket vårt.

## 8. Val etter vedtektene.

### *Styre*

Ragnhild Sæle, Jølster Leiar	<i>Attval</i> (36 mot 4 blanke)
Lars Nesse, Lærdal Nestleiar	<i>Attval</i> (33 mot 6 blanke)
Ingunn Reme, Innvik	<i>Ny</i> (36 mot 3 blank)
Jo Risløv Vik i Sogn	<i>På val i 2016</i>
Odd Jarle Øvreås, Holmedal	<i>På val i 2016</i>

### *Varamedlemmer*

- 1) Vidar Sandal, Breim *Attval*
- 2) Margrethe Garlid, Stryn *Attval*
- 3) Jostein Flatland, Sogndal *Attval*

### *Revisorar:*

Ove Årdal, Jølster	<i>Ny</i>
Inge Erikstad, Jølster	<i>Attval</i>

### *Vararevisorar:*

Magnar Juklestad, Jølster	<i>Ny</i>
Jon Helge Sandal, Jølster	<i>Attval</i>

**Møteleiar for 2016:** Geir Ole Ervik, Selje *Ny*

**Vara:** Johannes Gunvordal, Sogndal *Ny*

### **Framlegg til nye godtgjersler:**

Godtgjersle til leiar	kr 13000
Godtgjersle til sekretær	kr 7000
Møtegodtgjersle pr.møte	kr 1000
Telefongodtgjersle til leiar	kr 1000
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 500
Telefongodtgjersle til styremedlem	kr 500

Køyre-og passasjergodtgjersle etter statens regulativ

### **Samrøystes vedteke å videreføre gjeldande satsar**

#### **Utsettingar til landsmøtet i NSG 2015**

- Lars Nesse, Lærdal
- Ingunn Reme, Innvik
- Jo Risløv, Vik i Sogn
- Odd Jarle Øvreås, Holmedal

#### **Varautsettingar**

- 1) Tom Idar Kvam, Hafslo
- 2) Vidar Sandal, Breim
- 3) Margrethe Garlid, Stryn
- 4) Jostein Flatland, Sogndal

**Valnemnd for 2016**

Åse Leirgulen (Valgt for 1 år)  
Marit Henjum Halsnes (Valgt for 2 år)  
Jakob Andre Sandal (Valgt for 3 år) Ny

**Vara til Valnemnda for 2016**

Linda Alsaker  
Sigurd Vikesland

**1. Handsame og vedta budsjett for 2015**

Jo Risløv gjekk i gjennom budsjettet som er balansert i 0.

*Årsmøtet vedtok budsjettet samrøystes*


**2. Velje medlem til valnemnda med vara for 2016**

Åse Leirgulen (Valgt for 1 år)  
Marit Henjum Halsnes (Valgt for 2 år)  
Jakob Andre Sandal (Valgt for 3 år) Ny

**Vara til Valnemnda for 2016**


Linda Alsaker  
Sigurd Vikesland

Johannes Nedrebø




Referent

Halvard Espeseth




Sign

Helge Skagen



Sign

Johnny Lofnes



Sign